

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Oddvin Arne Neset	FE-122	23/195

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2023	Arbeidsmiljøutvalet	PS	06.03.2023
005/2023	Administrasjonsutvalet	PS	13.03.2023
010/2023	Administrasjonsutvalet	PS	05.06.2023
047/2023	Formannskapet	PS	05.06.2023
033/2023	Kommunestyret	PS	12.06.2023

Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Utdanningsforbundet - Høring plan for strategisk kompetansestyring	31.05.2023
Innspel til plan for strategisk kompetansestyring fysioterapeuter	31.05.2023
Framlegg - Plan_for_strat_kompetanse_2023 - 2027	30.05.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027 vert vedteken slik den ligg føre.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gjeldande kompetanseplan for Masfjorden kommune er frå 2015. Arbeidsgjevar har saman med tillitsvalde vorte samde om at det er behov for ein revisjon av planen. I møte med dei hovudtillitsvalde vinteren 21/22 vart HTV for Fagforbundet valt til å vere med i ei arbeidsgruppe som skulle revidere planen. Frå arbeidsgjevar har teknisk sjef, helse-og omsorgsleiar og oppvekstleiar delteke.

Høring

Planen er lagt ut på høring til alle arbeidstakarorganisasjonane med høyringsfrist 1.mars 2023. Høyringsuttalar vert lagt fram i samband med handsaming av saka.

Vurdering

Masfjorden kommune er ein «generalistkommune» med tilsette som ofte må ivareta fleire ulike funksjonarar. I ein liten kommune har ein ikkje alltid kollegaer å spørje om råd. Kravet og forventningane til kvaliteten på tenestene er likevel den same som i store kommunar med fleire tilsette og meir spesialisert kompetanse og funksjonar.

Kommune har eit ansvar for å sikre rett kompetanse i høve dei oppgåvene som skal løysast i heile kommunen. Det er difor særleg viktig at Masfjorden kommune har tydeleg fokus på å utvikle dei tilsette sin kompetanse som ein nøkkel til god kvalitet på alle våre tenester.

Planen er 3 delt, og har same oppbygging som tidlegare plan. Del 1 omtalar det overordna rammeverk og prinsipp i kompetansearbeidet, del 2 omtalar handlingsplanar for konkrete kompetansetiltak, og del 3 skisserer prinsippa for ressursbruk og finansiering av tiltaka.

Strategisk plan for kompetansestyring er ein temaplan som skal understøtte andre planar. Økonomiplan, kommunedelplan for oppvekst og kommunedelplan for helse, omsorg og sosial er planar som er styrande og skal gi retning for prioriteringar i Strategisk plan for kompetansestyring.

Konklusjon

Det vert tilrådd at «Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027» vert vedteken slik den ligg føre.

Administrasjonsutvalet - 010/2023

AU - behandling:

Saka vart drøfta.

Ørjan Valestrand bad om at teksten på side 20 vart endra til
komplett fysiskalsk lymfødem behandling

før plandokumentet vart ferdigstilt

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til formannskapet.

AU - vedtak:

Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027 vert vedteken slik den ligg føre.

Formannskapet - 047/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret

FS - vedtak:

Plan for strategisk kompetansestyring i Masfjorden kommune 2023-2027 vert vedteken slik den

ligg føre.

Kommunestyret - 033/2023

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Frode Langhelle (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert sendt attende til Rådmannen for vidare utgreiing.

Framlegg til vedtak frå H vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Saka vert sendt attende til Rådmannen for vidare utgreiing.